

# Saksprotokoll

Kommunestyret

27.04.2017

Sak: 20/17

**Tittel:** Saksprotokoll - Referat- og drøftingssaker  
**Arkivsak:** 17/1517

## Behandling:

### Informasjon:

I møte den 15. mars gjorde formannskapet følgjande vedtak i sak 22/17:

«Luster kommune set fram krav om konkurs i Tørvis Eigedom AS.

Ordføraren godkjenner utforming av kravet.

Formannskapet sitt vedtak er gjort i medhald av kommunelova §13.»

Kommunestyret hadde ikkje merknad til informasjonen.

Leiaren i kontrollutvalet Anders Bolstad informerte kommunestyret om at kontrollutvalet vil prioritere ein forvaltningsrevisjon på Sogn Barnevern, handsaming av saker frå Luster.

Kontrollutvalet har stilt seg spørjande til at Sogndal kommune har gått vidare med saka om Sogn Barnevern via ei gransking utan å involvere dei andre kommunane/kontrollutvala.

Temamøte: Kommuneøkonomien-Kostraanalyse. (08.30-12.00)

KS-konsulent v/Håvard Mo la fram Kostraanalysen der han har gjort vurderingar på økonomisk ressursbruk i Luster kommune samanlikna med andre kommunar på alle tenesteområde. Rådmann informerte om årsrapport og tiltaksarbeidet for å betra kommuneøkonomien.

I tillegg til kommunestyret møtte einingsleiarar, tillitsvalde og hovudverneombod på samlinga.

### Open post:

Ernst Veum viste til kommunalt vedtak om bygge- og delingsforbod i Solvorn i samband med kaien. Kva er skjedd vidare? Er det tidsfaktor på kor lenge eit slikt vedtak er gyldig? Kva med tingingar for å få hand om grunn til utviding av badeplassen?

Rådmann Jarle Skartun svara at det i budsjettdokumentet/planprogrammet er vedteke oppstart hausten 2017 av reguleringsplan for Solvorn kaiområde. Forbod mot tiltak vart vedteke i plan- og forvaltningsstyret 6.6.16. Det vedtaket er gyldig i 4 år.

For å kome vidare med saka må me gå via reguleringsplan. Det same gjeld for å få hand om grunn til badeplass. Me håpar på oppstart av planarbeidet til hausten.

Jon Ove Lomheim viste til at kommunen har kjøpt gamle husmorskulen på Hafslo, og at det skal vurderast kva bygget skal brukast til. Kva er status i desse vurderingane?

Rådmann Jarle Skartun svara at det er arbeidsoppdrag i budsjettet på denne saka og det er etablert ei administrativ arbeidsgruppe. Me har ein enkel tilstandsrapport på eigedomen, men har sett i gang eit arbeid for å få ei noko grundigare vurdering. Når det ligg føre så vil me over sommarferien kome tilbake til saka. Det er kapasitetsårsaker som gjer at me ligg litt etter i saka.

Interpellasjon frå Odd Atle Stegegjerdet om einebustadtomter i Gaupne og svar frå ordførar følgjer vedlagt protokollen.

Interpellasjon frå Jon Ove Lomheim om klimautfordringar i Luster og svar frå ordførar følgjer vedlagt protokollen.

## **Vedtak:**

Det vart ikkje gjort vedtak i saka.